

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 8/2004

Møtedato: 9.2.05

Arkiv nr:

Reguleringsplan for Gomostølen hyttegrend – offentlig ettersyn

Frå Nord Aurdal kommune har vi fått oversendt reguleringsplan til uttale.

Planutvalet vedtok i sak 40 i møte 26.08.04 å legge reguleringsplan/ending for Gomostølen hyttegrend ut til 1. gangs offentlig ettersyn. Planforslaget omfattar områda på begge sider av Båtåne frå grensa mot Vestre Slidre kommune til og med teig under Simle, 48/1. I sørvest går plangrensa ved Gomobu fjellstue og i nordaust omfattar planen areala fram til Skørve. Formålet med planen er å legge til rette for utbygging og fortetting med 199 nye høgstandard fritidsbustader med tilhørande infrastruktur.

Vasetløypene har opplyst at dei kunne tenkje seg å leggje ei ny skiløype frå eksisterande nett i Vestre Slidre gjennom planområdet.

Vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til planutkastet, men ein ber om at det blir teke omsyn til ynskje frå Vasetløypene om ein skiløypetrasé gjennom planområdet.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 11.2.05.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Nord Aurdal kommune
Vasetløypene